

Fossilsamfunn, grønt skifte eller det tredje alternativ?

Dei aller fleste norske parti og miljøorganisasjonar ønsker seg eit "grønt skifte", i form av utbygging av "fornybar" energi. Mens nokre av dei vil at dette skal komme i staden for olje og gass, vil regjeringa og dei største opposisjonspartia ha begge delar. Felles er at dei meiner den økonomiske veksten må halde fram. Forskjellen er at nokre vil ha større, andre vil ha mindre forskjell på fattige og rike. Felles er at ingen tar konsekvensen av at menneska lenge har overforbrukt verdas naturressursar og at Noreg hører til dei som har overforbrukt mest.

Gjennom tre artiklar vil eg vise at "det grønne skiftet", slik det no blir praktisert, er eit gigantisk feilsteg og at det er heilt andre tiltak som må til. Tiltak som svært mange innser at er nødvendige, men som ingen organisasjonar på landplan hittil har hatt mot til å fremme.

1. "Det grønne skiftet" – Frå fossil til mineral

Grøn energi¹, grøn gruvedrift² på grønne mineral³, grøn transport⁴, grøn olje⁵, grøn gass⁶, grønt kol⁷, grøn vekst⁸, grønne investeringar⁹ og grøn kapitalisme¹⁰. Det er ikkje grenser for kor grønne vi skal bli. I Noreg er alle stortingspartia samde om at vi skal ha ein grøn politikk. Det same er statsleiarar i dei fleste land i verda og ikkje minst verdas rikaste kapitalistar. Men kva betyr da grønt?

Wikipedia nemner at grønt kan stå for alt fra klorofyll til umogen, gift og islam, men forklarar den politiske bruken slik: "*Det grønne representerer natur, liv og vekst. Den er derfor valgt til miljøvernets farge, og ordet «grønn» brukes også som et synonym for miljøvennlig.*"¹¹ Korleis kan det da ha seg at natur i dag over heile kloden blir rasert i eit tempo som aldri før, når alle skal være så grønne?

Nyord eller nytale?

Uttrykket "det grønne skiftet" blei i 2015 utnemnd til årets nyord. Språkrådet definerte det da slik: "*Det grønne skiftet viser til omstillinga til eit samfunn der vekst og utvikling skjer innanfor tolegrensa til naturen.*" Rådet hevda samtidig at "*Språket vårt vert rikare gjennom nye ord, nye ordsamansetningar og nye faste uttrykk.*"¹² Skal tru det? Tru om det ikkje heller i dette tilfelle må karakteriserast som "nytale"¹³, dvs. ord som dekker over at innhaldet er det motsette av den tilsynelatande meininga?

Definisjonen kan ein stille spørjeteikn ved, men la oss no i denne omgang ta utgangspunkt i denne. Indirekte seier ein da at vi må omstille oss **frå** eit samfunn der veksten er utafor tolegrensa til naturen. Dette kan illustrerast ved berekningar som viser at menneska frå 1970 kvart år har belasta jordas naturressursar meir enn jorda kan fornye. Den dagen da årets tilgjengelige ressursar

¹ <https://gronn-energi.no/>

² <https://www.nrk.no/tromsogfinnmark/vil-ha-baerekraftig-gruvedrift-i-norge-1.15247687>

³ <https://geo365.no/bergindustri/gronne-mineraler-pa-dagsorden/>

⁴ <https://klimapartnere.no/arrangementer/gronn-transport/>

⁵ <https://www.geoforskning.no/blogg/item/svart-og-gronn-olje>

⁶ <https://klimastiftelsen.no/publikasjoner/gass-til-varme-og-industri/>

⁷ <https://www.tu.no/artikler/har-startet-opp-fabrikken-som-lager-miljoennlig-kull/510001>

⁸ <https://www.bi.no/forskning/business-review/articles/2016/06/gronn-vekst-eller-gront-vas/>

⁹ <https://www.næringslivnorge.no/invester-for-fremtiden/hva-er-gronne-investeringer/>

¹⁰ <https://blogg.pwc.no/styringogkontroll/er-n%C3%A6ringslivet-klar-for-gr%C3%B8nn-kapitalisme>

¹¹ <https://no.wikipedia.org/wiki/Gr%C3%B8nn>

¹² <https://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/hva-skjer/Aktuelt-ord/det-gronne-skiftet/>

¹³ <https://no.wikipedia.org/wiki/Nytale>

er brukt opp kallast for verdas overforbruksdag og var i 2019 så tidlig som i starten av august.¹⁴ Det einaste som har klart å halde litt tilbake i auken i overforbruk er kortvarige økonomiske kriser og seinast koronapandemien.

Erobringa av "grønt"

Noko "grønt skifte" har ikkje skjedd i praksis, verken i Noreg eller globalt. Men det har skjedd eitt viktig skifte, nemlig bruken av ordet "grønt". I løpet av dei siste 5-6 åra har dette blitt erobra av alle som ønsker å hindre ei reell endring av politikken, men halde fram som før med ny farge og i tillegg utnytte grønfargen til å gjøre nye profitable investeringar og forsvare desse politisk. Gjennom å stele miljørørsla sine klede og sjølve kle seg i dei har dei erobra eigeomsretten til ordet grøn, legitimert eigen praksis og skapt stor forvirring langt inn i miljørørsla. Det er ein genistrek av dei heilt store.

Dette tjuveriet blei eg første gong klar over da eg deltok på ein gruvekonferanse i 2016. Der heldt ein representant for miljøstiftelsen Zero føredrag med tittelen "Mineralenes betydning i det grønne skiftet".¹⁵ Representantane for gruveselskap, konsulentselskap, leverandørindustri og investorar klappa entusiastisk. Frå den dagen var dei også grønne.

Bruken av ordet grøn om gruver er inga særnorsk oppfinning. Finland var tidlig ute med sitt "Green Mining Programme", 2011-16, med målsetting intet mindre enn "make Finland the global leader of the sustainable mining industry by 2020".¹⁶

Når gruveselskapa får definere

I mai 2021 arrangerte det portugisiske presidentskapet i EU eit ope webinar om grøn gruvedrift og grønne mineral.^{17 18}

På nettstaden mining-technology.com blir grøn gruvedrift definert slik: "*Grøn gruvedrift er definert som teknologiar, beste praksisar og gruveprosessar som er implementerte som middel til å redusere miljøpåverknade knytt til utvinning og prossering av metall og mineral. Eksempel inkluderer reduksjon av drivhusgassar, utvalde tiltak for å redusere dei økologiske fotavtrykka av gruvedrift og reduksjon i bruk av kjemikalier.*"¹⁹ Det kan vel alle vere enige om? Eller kva? Ser vi nærare etter er denne definisjonen som skapt for gruveselskapa. Og det er nettopp det han er. Kan vi redusere naturskadene har vi med ein gong fått grøn gruvedrift. Redusert i forhold til kva? I forhold til mengden av utvunne berg? Det er ikkje særlig vanskelig å redusere f.eks. klimautslipp pr. tonn berg ved bruk av større maskinar, eller ved elektrifisering av desse. Samtidig må det drivast på stadig fattigare malm, noko som gjør at innsatsen og naturskadane aukar pr. tonn metall. I tillegg kjem at forbruket og etterspurnaden etter metall og andre mineral aukar enormt. Om koppargruvene i verda i dei neste 10 eller 20 åra, bl.a. med elektrifisering, klarer å redusere utsleppet av klimagassar **pr. tonn utvunne berg** til halvparten, mens kopparinnhaldet i malmen samtidig blir halvert og produksjonen av koppar dobla, er resultatet at samla utslepp frå kopparutvinning ikkje blir halvert, men dobla.

Eit materialintensivt system

Tilbake til Zero og minerala si rolle i det grønne skiftet. Vi har vel alle fått med oss at overgangen frå kolkraft og forbrenningsmotorar til elektrisitet vil føre til behov for **andre** metall, som neodym, litium og kobolt. Det som er mye mindre kjent er at det også vil føre til langt **meir** bruk av metall,

¹⁴ <https://www.wwf.no/nyheter/earth-overshoot-day>

¹⁵ <http://gruve.info/geonor16.htm>

¹⁶ <https://spinverse.com/references/tekes-green-mining/>

¹⁷ <https://www.eumonitor.eu/9353000/1/j9vvik7m1c3gyxp/vlij5j0sx9zj?ctx=vg9pjk198axu&tab=1>

¹⁸ <file:///home/svein/vev/sveinlund-info/greenmining.pdf>

¹⁹ <https://www.mining-technology.com/features/featureenvironment-friendly-mining-trends-for-2014-4168903/>

Originaltekst: "*Green mining is defined as technologies, best practices and mine processes that are implemented as a means to reduce the environmental impacts associated with the extraction and processing of metals and minerals. Examples include the reduction of greenhouse gases, selective mining approaches to reduce the ecological footprint, and reduction in chemical use.*"

også av dei som er i vanlig bruk i dag. Det internasjonale energibyrådet IEA omtalar dette som "Overgangen frå eit drivstoff-intensivt til eit material-intensivt energisystem"²⁰. Kan eit materialintensivt system kallast fornybart når ingen av desse materiala er fornybare?

IEA viser at ein elbil samla treng omlag 6 gongar så mye ikkje-jern-metall som ein bensin- eller dieselbil, mens ein havvindturbin pr. MW vil trengje omlag 6 gongar så mye slike metall som eit kolkraftverk eller 11 gongar meir enn eit gasskraftverk.²¹ Dette er pr. installert effekt i MW, men sidan vindkraft bare produserer 30–50 % av tida, kan desse tala minst doblast. Her er altså ikkje rekna med jern, men vi kan trygt gå ut i frå at det også der vil bli auka etterspurnad med "det grønne skiftet", om ikkje i like stor grad. Det er nok å nemne alle vindturbintårna og armeringsjern for fundamenta. Den einaste gruvedrifta av betydning som kanskje kan bli redusert, er kolgruver, men heller ikkje det er så opplagt som vi gjerne vil tru. Så langt går kolkraftverka for fullt og nye former for energiforbruk, som kryptovaluta aukar etterspurnaden meir enn den "fornybare" krafta kan ta unna.²² Om alle bensinbilane i Polen no blei bytta ut med elbilar, ville kolforbruket **auke**, ettersom kolkraft er einaste aktuelle større energileverandør i overskodelig framtid. Det illustrerast ved at dei få elbilane i landet på folkemunne omtalast som "samochody na węgiel" eller "bilar på kol".

Dobbeltgrøne gruver

For så godt som alle andre metall og mineral som blir utvunne i verda i dag, vil elektrifiseringa føre til auka etterspurnad, auka utvinning, auka naturinngrep til gruver og avgangsdeponi og auka forureining til jord, vatn og luft. Trass i dette blir slike mineral framstilt som grønne og utvinning pr. definisjon som grøn. Eit eksempel er NHO sine regiondirektørar for Nord-Noreg som uttalte: "Nord-Norge har forekomster av grønne mineraler som kobber, jern, grafitt, olivin og høyren kvarts."²³ I mange hundre år har koppar og jern blitt tatt ut her, men først no har desse minerala blitt grønne. Grøn betyr altså miljøvenlig, og med denne definisjonen blir da dei mange millionar av tonn med gruveavfall som koppar- og jerngruver i Nord-Noreg har sluppe ut eller planlagt å sleppe ut i Bøkfjorden, Repparfjorden og Ranfjorden med eitt også grønne og miljøvenlige. Dei to tydingane av "grønne gruver" blir stadig blanda saman, trulig ikkje heilt utan hensikt. Nye gruveprosjekt kan da framstillast som dobbelt grønne.

Ei slik dobbeltgrøn gruve er no under etablering i Kvalsund i Finnmark. Denne skal produsere koppar for det grønne skiftet og alle gruvemaskinane skal vere dreve på grøn straum.²⁴ Om gruva skapar store problem for reindrifta, fyller opp ein fjord med avgang og tar knekken på ein nasjonal laksefjord og ei nasjonal lakseelv, det spelar mindre rolle, grønt skal det vere.

Jern blir altså rekna som eit grønt mineral, på grunn av at det trengst mye jern i vindturbinar og elbilar. Men så langt er så godt som all jernproduksjon drive med kol, og denne står for omlag 8 % av verdas CO₂-utslepp. Og behovet for metallurgisk kol for stålproduksjon blir no brukt som grunngeving for å gi løyve til opning av nye kolgruver i USA.²⁵

Møter seg sjølv i døra

Over heile verda har miljøorganisasjonar engasjert seg mot dagens gruvedrift og planar om utviding av denne. Samtidig har størstedelen av miljøørsla gått inn for "det grønne skiftet" og heia på utbygging av vindkraft og solkraft, samt elektrifisering av transport. Slik har dei støtta opp om noko som er å gå frå aska til elden. At dei slik møter seg sjølv i døra synest få å innsjå.

Kva er så alternativet? Det kan da ikkje vere å halde fram som før? Meir om det i neste artikkel.

²⁰ <https://www.iea.org/reports/the-role-of-critical-minerals-in-clean-energy-transitions/the-state-of-play>. Originaltekst: "The shift from a fuel-intensive to a material-intensive energy system"

²¹ <https://iea.blob.core.windows.net/assets/24d5dfbb-a77a-4647-abcc-667867207f74/TheRoleofCriticalMineralsinCleanEnergyTransitions.pdf>

²² https://www.nrk.no/urix/da-kinas-kullkraftverk-stoppet-opp_-raste-bitcoin-verdien-1.15474689

²³ <https://www.mip.no/2017/det-gronne-skiftet-krever-vare-mineraler/>

²⁴ https://www.nrk.no/tromsogfinnmark/nussir-planlegger-helelektrisk-gruvedrift_-_de-prover-a_gronvaske_-_miljokriminalitet-1.14453484

²⁵ <https://thenarwhal.ca/steel-coal-mining-hydrogen/>

2. Alternativet – eit samfunn med mindre fotavtrykk

Dersom vi ikkje kan halde fram å brenne olje, gass og kol, og ei utskifting til "fornybare" energikjeldene og elektrifisert transport vil gi eit utolelig høgt mineralforbruk, har vi da noko alternativ?

I førre artikkelen viste eg til til denne definisjonen: "*Det grønne skiftet viser til omstillinga til eit samfunn der vekst og utvikling skjer innanfor tolegrensa til naturen.*" Eg viste også at tolegrensa for lengst er sprengt. Likevel tviheld dei fleste forsvararane av "Det grønne skiftet" på at det framleis må vere plass for økonomisk vekst og auka produksjon. Veksten skal bare bli grønare. Dette har gått igjen frå Brundtlandkommisjonen sine idear om bærekraftig utvikling²⁶, til MDG sin tidligare stortingsrepresentant Per Even Stoknes si bok "Grønn vekst"²⁷, som kom ut i fjor.

Grenser for vekst

I motsetning til denne tankegangen er det mange som har påpeika grensene for vekst og at desse no er forlengst er overskrida. Allereie i 1972 blei dette vist i boka *Limits to Growth* (Norsk utgåve *Hvor går grensen?*) med seinare oppfølgingar *The Limits to Growth: The 30-Year Update* i 2004 og seinare *2052: A Global Forecast for the Next Forty Years*. av Jørgen Randers.²⁸ I forhold til mineralressursar er overforbruket grundig dokumentert bl.a. av Ugo Bardi i boka *Extracted: How the Quest for Mineral Wealth Is Plundering the Planet*²⁹ og av Simon Michaux i hans skrifter om *Peak Mining*.³⁰ Likevel opererer leiande politikarar og kapitalistar over heile verda som om det skulle vere både mogleg og forsvarlig å ikkje bare skifte ut all fossil energi med "fornybar" energi, men samtidig auke energiproduksjonen kraftig, ikkje bare skifte ut dagens fossile bilpark med elbilar, men halde fram å auke talet på bilar. Energiforbruket og ressursforbruket skal halde fram å auke i all framtid, og ein skal kjøre på utan å ta til seg at det er grenser for vekst.

Verdas befolkning går raskt mot 8 milliardar, og det er eit ope spørsmål om auken lar seg stanse før vi passerer 10 mrd. Da vil jorda si bærekraft forlengst vere sprengt og det vil vere enno mindre intakt natur og ville dyr igjen enn i dag. Skal det bli levelig for det store fleirtalet av menneske og det som er igjen av ville planter og dyr, må folketalet ned. Det finst bare to alternativ: Organisert regulering med ein bevisst politikk og regulering gjennom krig og katastrofer. Sjølv om alle kan vere enig i at det første er å føretrekke, er det lite som tyder på at dette skjer.

Ekstrem skeivfordeling

Forureining og belastninga på ressursane er ekstremt skeiv, både mellom og innafor land. Eit lite mindretal er ekstremt rike, har eit vanvittig sløsende forbruk og står for mesteparten av klimautsleppa. Den rikaste prosenten står for dobbelt så mye utslepp som den fattigaste halvdelen av befolkninga på jorda.³¹ Dei 25 rikaste i verda har kvar ei formue på over 300 mrd. kroner. Den aller rikaste er oppe i 1,5 billionar kroner.³² Kva har gjort det mogleg for han å tene så mye? Jo, det grønne skiftet sitt flaggskip, elbilen. Denne har gjort det mogleg for han å bruke milliardar på bitcoin, ha fleire private jettfly og sende satelittar ut i verdsrommet. Bærekraftig grønt skifte? Samtidig har også eit fleirtal i rike land og ein veksande mellomklasse i nyindustrialiserte land eit aukande forbruk som er alt anna enn "bærekraftig", og dei som har mindre drøymmer om å komme dit. Alle vil opp, ingen vil ned. Det kan ikkje gå.

Behov = etterspurnad?

²⁶ <https://www.fn.no/tema/fattigdom/baerekraftig-utvikling>

²⁷ <https://www.homoludens.no/2020/10/07/gronn-vekst-2/comment-page-1/>

²⁸ https://en.wikipedia.org/wiki/The_Limits_to_Growth

²⁹ <http://sveinlund.info/miljo/ugobardi.htm>

³⁰ <https://www.resilience.org/stories/2013-08-15/peak-mining-implications-for-natural-resource-management/>

³¹ https://www.theguardian.com/environment/2020/sep/21/worlds-richest-1-cause-double-co2-emissions-of-poorest-50-says-oxfam?fbclid=IwAR14FsWcGHiX1sKh4V9TyEaJr5doqgcKtYm7uDSWf_J2GfCJ5lAw7geoaQ4

³² <https://e24.no/boers-og-finans/i/X8ROQB/elon-musk-er-verdens-rikeste>

Dagens universelle løysing er at ved hjelp av ein kapitalistisk marknad skal alt ordne seg til det beste for alle. Det er det motsette som skjer. Kapitalen trekkast dit det er pengar å tene, ikkje dit det er behov. Kapitalen sine forsvararar seier som Norsk Bergindustri sa da dei forsvarte gullutvinning: Der det er etterspurnad, er det behov. Samtidig blir det jobba iherdig for å skape nye behov, som ein så kan fylle med nye produkt som ein kan tene på. Og motsett: Der det ikkje er kjøpekraftig etterspurnad, der er det heller ingen som vil investere.

To grunnleggande sanningar

Det er nokre elementære sanningar som er så enkle at det ikkje skulle vere nødvendig å seie dei. For eksempel:

1. Samfunnsmessige problem må løysast med samfunnsmessig samarbeid og planlegging.
2. All produksjon og alt forbruk belastar ressursar.

Samfunnsplanlegging må ta sikte på å redusere eller unngå unødige produksjon for å ha plass til nødvendig produksjon og bevare ressursar og natur for framtidige generasjonar.

Så enkelt, men samtidig så stikk i strid med dagens praksis.

Fridom og nødvendighet

I artikkelen *"Om motsigelsen mellom nødvendighet og frihet"* skreiv Eystein Kleven i 2014:

*"De massive miljøproblemene og virkningene av menneskelig virksomhet på klima, er ikke minst resultat av manglende innsikt i det nødvendige."*³³ Når vi så har skapt desse problema blir rammene for det nødvendige trøngare, vi står ikkje like fritt til å velje.

EU og EØS er bygd på dei såkalla fire fridomane, fri rørsle av varer, tenester, personar og kapital. Fridomar som formelt gjeld for alle, men som i første rekke er fridomar for kapitalen og for mange andre slår ut som "frivillig tvang". Ikkje minst er det fridomar som bidrar til å auke produksjonen av unødvendige varer og tenester, auke transporten og med det auke belastninga på ressursane og naturen.

Vi er fora opp med store ord om einskildmennesket sin fridom til å kjøpe og forbruke nesten alt som kan kjøpast for pengar. Ei rekke komplett unødvendige varer og tenester er tillatt i fridomens namn, sjølv om dei ofte er skadelige for helse og natur. Dersom vi innrømmer at verda står midt oppe i ei alvorlig natur-, klima- og ressurskrise, er vi nøydd å sette jordas framtid over retten til å produsere og forbruke ein del unødige varer.

"Sosialismen er spranget frå nødvendighetens til frihetens rike", skreiv Friedrich Engels for godt over hundre år sidan. Dette har sidan vore ein leietråd for mange sosialistar. I draumen om eit betre samfunn blir lett fordelane hausa opp og utfordringane tona ned. *"Aldri har vel forutsetningene for å nå frihetens rike vært bedre enn i vår del av verden i vår tid."*³⁴ skreiv i 2007 Audun Lysbakken, som seinare blei partileiar i SV. Spørsmålet er om ikkje no kapitalismen har ført verda så galt av stad at vi må gå den motsette vegen – til nødvendighetens rike, sjølv om dette vil måtte avgrense nokre fridomar vi har blitt vant til.

Eit kvart samfunn har nokre reguleringar av kva som skal vere lov å produsere og selge og kor og når det kan gjørast. I Noreg har vi forbod mot narkotika og visse tilsetningsstoff i maten. Vi har krav om autorisasjon for utøving av visse yrke, reklameforbod mot tobakk og alkohol osv. I prisippet har vi dermed anerkjent at fridomen må ha visse grenser, og koronapandemien har gjort at dei fleste har akseptert midlertidige forbod som vi under normale forhold aldri ville godtatt.

Natur-, klima- og ressurskrise er ei mye meir grunnleggande krise enn koronakrise. Om vi hadde latt koronaen spreie seg fritt utan hinder for reiser og normal omgang mellom folk, hadde ein stor del av verdas befolkning blitt sjuke og nokre prosent fått ein tidligare død. For det store fleirtalet som overlevde ville livet ha gått vidare. Om vi ikkje tar natur-, klima- og ressurskrise på alvor kan verknadane bli langt større. Likevel har denne ikkje ført til at nødvendige tiltak har blitt gjort.

Den nødvendige prioriteringa

³³ <https://sosialistiskframtid.wordpress.com/2018/03/03/om-motsigelsen-mellom-nodvendighet-og-frihet/>

³⁴ Førre og dette sitatet: <https://arkiv.klassekampen.no/13232/article/item/null/glasosialismen>

Når menneska no overbelastar jordas ressursar slik at vi tar ut meir enn 150 % av det som er forsvarlig, betyr det at det samla forbruket må ned med minst ein tredel. Skal jorda samtidig kunne fø 8-10 milliardar menneske utan gigantiske katastrofar i form av krig og hungersnaud, vil det vere naudsynt med ei streng prioritering av kva ressursane skal brukast til. Da kan vi ikkje bruke ressursar på tiltak som ikkje har anna formål enn at nokon skal bli rike på det. Da blir det ikkje eit spørsmål om personlig fridom å ha retten til å investere i kryptovaluta, reise på ferie frå Noreg til Thailand eller kjøre motorcross. Ikkje alt skadelig forbruk kan forbyast med eitt slag, men vi kan i første omgang sette forbod mot investeringar for auke produksjon på desse områda, og gjennom lovverk og kampanjer påverke til redusert bruk. Vi kan sjølvstundt ha delte meiningar om kva som er nyttig og unyttig, men det bør vere eit mål å komme fram til:

- Kva område av produksjon og forbruk som skal prioriterast
- Kva område vi med fordel kan redusere, evt. legge ned eller forby
- Korleis vi kan ta vare på bruksgjenstandar lengre og legge til rette for meir reparasjonar og mindre bruk-og-kast.
- Kor vi kan redusere transport og verdshandel ved at importerte og langtransporterte varer blir erstatta av eigenproduserte eller lokalproduserte.
- Korleis vi kan gi noko av det vi har beslaglagt tilbake til naturen ved oppreinsking, revegetering³⁵, restaurering av elver og våtmarker osv.

Dette vil seie ganske gjennomgripande endringar i samfunnet. Mange av oss vil måtte legge om livsstilen, men i stor grad til det helsemessig betre og ikkje minst vil fotspora våre i naturen og på jorda bli mindre. Kjøpekrafta må for mange bli mindre, men livskvaliteten vil i mange tilfelle bli betre når vi vender oss til nye forhold. Ei slik omlegging på verdsbasis er ikkje mogleg dersom det finst ein elite av superrike på toppen som kan halde fram å sløse og kjøpe seg fri frå dei tiltaka som andre må slite seg gjennom. Det krev ei utjamning både mellom land og innafor land. Det er ikkje gjort over natta, men det må leggast ein plan for ei systematisk utvikling i retning av utjamning.

Sosialisme som alternativ?

Kapitalismen har forlengst vist seg udugelig til å redde naturen og verda, ein kan ikkje løyse eit problem med dei same midla som har skapt det. Det må grunnleggande endringar til, men det er ikkje nok å seie at eit sosialistisk styre vil løyse problema. Land som har kalla seg sosialistiske har ikkje vist så mye betre forståing for natur og ressursar. Dei partia i Noreg som kallar seg sosialistiske er alle for fortsatt økonomisk vekst, bare denne er grøn eller jamnare fordelt. Det er dei som burde gått foran, men dei gjør det ikkje i dag.

Kva manglar miljøorganisasjonane og miljøpartia?

Miljøorganisasjonar har ofte bidratt til å rekke fram overforbruket av ressursar, men synest ikkje å tore å ta konsekvensane av sine egne analyser. Når såg vi ein miljøorganisasjon angripe overklassa sitt vanvittige luksusforbruk? Når hørte vi miljøpartia Venstre og MDG snakke om fordelinga av rikdom og økologisk fotavtrykk? Så seint som på Naturvernforbundet sitt landsmøte i april avviste fleirtalet eit forslag om redusert forbruk. Er tankane på den nødvendige omstillinga så skremmande at det ikkje er nokon organisasjon som tør å fronte dei?

³⁵ https://www.nrk.no/urix/ny-rapport_-enorme-skogomrader-er-gjenreist-de-siste-20-arene-1.15493373

3. Ein dyd av nødvendigkeit

Utryddinga av mesteparten av det ville livet på jorda, trugsmålet om store klimaendringar og overbelastninga på naturressursar har ført til at vi må ta skjeia i ei anna hand og gjennomføre ei drastisk nedskjæring i arealinngrep, ressursbruk og forbruk. Det finst ingen rein eller fornybar energi, det finst ikkje noko forbruk utan økologisk fotavtrykk. Spørsmålet er ganske enkelt korleis kan vi redusere mest mogleg utan at det går for mye ut over menneskas liv, helse og velferd, samtidig som det må vere plass for at dei aller fattigaste må ha ein sjanse til å rykke eit hakk opp i levestandard.

Korleis styre produksjonen?

Kva som blir produsert blir i dag vesentlig avgjort av etterspurnaden på marknaden. Vel å merke den kjøpekraftige etterspurnaden. Ingen vil sette i gang ein produksjon utan å ha rimelige sjansar til å få seld produkta, minimum til ein pris noko over utgiftene som går med til råvarar, produksjonsmiddel og arbeidskraft. Dei svingande prisane gjør at kapital flyttar seg mellom bransjer og produkt. Lønner det seg å utvinne gull for spekulasjon eller diamantar for dei superrike, så trekkast kapitalen dit i staden for der han kunne gjort langt meir nytte for seg.

Målet må vere eit system som sikrar at det vi treng blir produsert, men at det ikkje blir produsert ein masse unødige ting som bare reduserer natur, belastar ressursar, gir utslepp og forureining. Da kan ikkje økonomien overlatast til marknaden, det krev ein form for overordna statlig planlegging og styring.

Vi kan starte med å sjå på kva som kan gjørast med dei verkemidla som vi langt på veg har om vi ønsker å bruke dei. Statlige og internasjonale organ kan på eine sida gi retningslinjer for avgrensing av produksjonen, dels ved forbod der det er nødvendig, dels ved avgifter og skattar som forskyv lønsemda ved forskjellige produkt. Fordi staten har meint at noko er for skadelig for menneske, dyr eller natur, har han sett forbod mot pelsdyravl og mot visse giftstoff som DDT og KFK³⁶. For medisinar og alkohol er det sett restriksjonar på salet, for motorferdsel i utmark restriksjonar på bruken (som med fordel kunne vore skjerpa). Avgifter kan påleggast stoff som er helseskadelige, som tobakk, alkohol og sukker³⁷. På andre sida kan letting av moms gjøre visse varer og tenester billigare, eller dei kan bli direkte subsidierte. Nokre slike tiltak har hatt positiv verknad, mens andre må seiast å ha vore meir til skade enn til gagn, som norsk subsidiering av vindkraftutbygging og EU si tilrettelegging for auka gruvedrift.

Omfattande omlegging av næringar

Nødvendig omlegginga til mindre natur- og klimaskadelig produksjon og forbruk vil måtte omfatte alle sider av samfunnet, eg vil nemne nokre eksempel:

- Jordbruk: Auke graden av norsk sjølvforsyning av mat for folk og husdyr, med hovudvekt på økologisk og kortreist mat. Forbod mot kjemiske "plantevernemiddel", avgift på kunstgjødsel, dyrare frakt.
- Fiskeri og oppdrett: Fisken må reserverast for kystflåten, med prioritering av fiske i nærområde og med lite drivstofforbruk. Trålfisket må avskaffast. Veksten i oppdrettsnæringa må stansast og all oppdrett må inn i lukka anlegg.
- Skogbruk: Planen om freding av 10% av skogen må gjennomførast snarast. Flatehogst, pløying etter hogst og sprøyting av skog må bli forbode. Gjenreising av mindre fabrikkar for skogprodukt.
- Reindrift: Sikring av areal, forbod mot ytterligere inngrep. Tilbakevending til tradisjonell samisk flokkstruktur. Tiltak for å redusere bruk av motorkjøretøy.
- Gjenreising av norsk industri: Tidligere industribransjer som produserte vesentlig for heimemarknaden, og som i seinare tiår har blitt utflagga til lågkostland, må få støtte til å

³⁶ <https://www.aftenposten.no/verden/i/6nQE9W/verdnessamfunnet-reddet-ozonlaget-for-30-aar-siden-naa-stikker-kina-kje>

³⁷ Sukkeravgifta er dessverre avskaffa frå i år, <https://www.aftenposten.no/norge/i/Lno1Gp/neste-aar-forsvinner-sukkeravgiften-men-roedgroenne-politikere-oensker>

gjenetablere seg i Noreg. Det gjeld bl.a. konfeksjons- og skoindustrien og delar av næringsmiddelindustrien.

- Kraftkrevjande industri: Smelteverk må ikkje få subsidiert kraft ut over dagens kraftforbruk og motiverast til energisparingstiltak. Eventuelle nye smelteverk må bygge på foredling av norske råvarer og/eller produksjon for norsk marknad.
- Olje og gass: Stans i all leiting og nye konsesjonar.

Busetting og samferdsel

Sentraliseringa som har pågått i Noreg i varierende grad sidan 2. verdskrigen er eit gigantisk ressursløseri. Jord ligg brakk, fornybare naturressursar blir ikkje utnytta, godt brukbare hus, skolar osv. blir fråflytta, mens store ressursar blir brukt på nybygging i og rundt byane, der natur blir lagt under betong og asfalt. Sentraliseringa må snuast og det må leggest til rette for tilbakeflytting til fråflyttingsområde. Offentlige arbeidsplassar må desentraliserast.

- Bustadpolitikken: Gjennom avgiftslette og tilskot må det bli lønsamt å redusere energibruken gjennom å etterisolere hus og gjennom lokal energiforsyning frå jordvarme.
- Samferdsel: Flytrafikken må reduserast kraftig. Ingen utviding av flyplassar. For øvrig må kollektiv transport i størst mogleg grad overta for personbilar. Talet på personbilar reduserast kraftig. Stopp i utbygging av motorvegar. Stopp subsidieringa av elbilar. Forbod mot motorsport.

Kva kan vi legge ned?

Ut frå det faktum at vi overbelastar ressursane og naturen og at all privat og samfunnsmessig aktivitet bidrar til dette, må vi spørje: Kva kan vi avskaffe? Det er mye, så her er bare tre eksempel.

1. Militæret. Både Noreg og dei fleste statar på jorda har eit enormt pengesluk og materialsluk som stort sett har vore freda av både politikarar og miljøørsla: militærapparatet og våpenindustrien. Frå eit miljøsynspunkt er det bare ein einaste fornuftig ting å gjøre: Legg det ned! Det vil kunne frigjøre enorme mengder med høgkvalitetsstål for omsmelting, uran til å drive kjernekrafta i mange år utan ny utvinning, store areal som kan tilbakeførast til naturen eller brukast på betre vis og store menneskelige ressursar til betre oppgåver.

2. Plast. Eit av dei mest alvorlige forureiningsproblema i verda er forureining av plast og andre kunststoff, som blir liggande i sjøen og naturen på land i all overskodelig framtid. Vi kan gjøre noko med å rydde på overflata, men det stoppar ikkje den stadige tilførselen og det stoppar ikkje den enorme mengden av mikroplast som slitast av alt frå bildekk og sminke til kunstgrasbanar og vindturbinar.

3. Reklame. I det meste av offentlig rom blir vi møtt av prangande reklameplakatar, mange av dei elektrisk opplyst frå innsida eller utsida. Reklame overfaller oss på nettet og i det meste av media. Reklamebransjen fungerer også som ein samla propagandist for bruk-og-kast-samfunnet. Bransjen brukar enorme ressursar i form av materiale, energi og arbeidskraft, og bidrar såleis til auka naturinngrep og forureining. Ingen treng dei for å finne fram til det dei treng å kjøpe, dei er bare uttrykk for kapitalismens overproduksjon i forhold til marknaden og ønsket om å erobre marknadsandelar frå konkurrentar.

Ta vare på det du har!

Denne parola, som bl.a. er brukt av Naturvernforbundet, står for det motsette av bruk-og-kast-kapitalismen. Ho seier at før du kjøper ein ny bil, mobiltelefon, bukse eller spisebord, skal du spørje deg sjølv: Kan eg ikkje klare meg med den gamle? Har støvlane, datamaskina eller vaskemaskina gått i stykker: Kan det reparerast? Når du ikkje lenger har bruk for brukbare ting: Kan du levere det til ein brukthandel? Når du MÅ kjøpe noko, kan du finne noko brukt i staden for nytt? Og når det er ugjenkallelig øydelagt: Kan du levere det til resirkulering?

Parola peikar på det personlige ansvaret, men har også ei klar samfunnsmessig side. Når det i dag ikkje løner seg å reparere datamaskina er det fordi ho er masseprodusert av asiatiske arbeidadar på minimal løn, mens reparasjonen må gjørast i Noreg til norsk løn og utgifter pluss moms. Eit godt bidrag ville vere å fjerne moms på reparasjonar. Samfunnet har eit ansvar for å

legge til rette for at det løner seg å reparere framfor å kaste, for fungerande kjeldesortering av søppel og lettvinnt innlevering og panteordningar for saker som kan resirkulerast.

Kutt toppane!

Den rikaste i verda har ein formue på godt over ein billion norske kroner, eller nært eit norsk statsbudsjett. Dei ti prosent rikaste eig 89 % av verdiane i verda, mens den fattigaste halvparten av har under 1 %³⁸. Det er ei vanlig misforståing at rikdomen i Noreg er relativt jamnt fortelt, men den rikaste i landet har ei formue på godt over 100 milliardar. Forskjellen i inntekt og formue har auka og det er ein bevisst politikk frå regjeringa at slik skal det vere. Eit resultat av politikken med skattelette for dei rike er at dei 0,1 % rikaste betaler gjennomsnittlig 11 % skatt, altså langt mindre enn vanlige arbeidarar.

Det er to grunnar til at denne rikdomen må kuttast ned. For det første brukast mange av milliardane til totalt unødig luksus som belastar naturressursar og gir klimautslepp. For det andre nyttar det ikkje å be butikkarbeidarar på Rema å spise mindre kjøtt og bytte ut den gamle bensinbilen med ein elbil dei ikkje har råd til, når Rema-eigar Reitan-familien har tre private jettfly. Så skulle vi da vente at sosialistar stiller krav om forbod mot slik sløsing. Partiet Raudt har rett nok gått inn for forbod mot private jettfly, men grunngevinga er bare utsleppa av klimagassar. Dette blei uttalt av nestleiar Marie Sneve Martinussen: *"Hadde flyene sluppet ut luft og kjærlighet skulle jeg ikke brydd meg, men vi vet altså flytrafikken totalt sett må ned og da må de som forurenses mest kutte mest."*³⁹ Ikkje eingong dei raudaste reagerer altså mot luksusforbruket, bare mot klimautsleppa som det fører til! Er det slik at når privatflya bare blir elektriske, kan luksus halde fram?

Skal vi kunne komme ned mot noko som kan kallast eit bærekraftig forbruk, må staten gå foran. Det første enkle tiltaket kan vere at ingen offentlig tilsette skal kunne tene over ein million kr.

Det vil bli stor motstand

Dei tiltaka som eg her har skildra som "ein dyd av nødvendighet" vil møte motstand på mange hald. Dei superrike ønsker sjølv sagt ikkje å gi opp verken luksusforbruket sitt eller den makta dei har i samfunnet gjennom å styre økonomien og investeringane. Mange arbeidsgivarar vil klage veldig over å ikkje få nytte seg av billig arbeidskraft frå Aust-Europa. Dei som er vant til å ta ein flytur til Kanariøyane eller Thailand vil nødig gi avkall på dette. Fagorganisasjonar vil protestere mot ei kvar nedlegging av arbeidsplassar, anten det er i olja, våpenindustrien eller reklamebransjen. EU/EØS vil ikkje godta tiltak som strir med den frie etableringsretten. NATO vil ikkje godta nedlegging av norsk militærvesen.

Det kan bli ein hard kamp, men det er ingen veg utanom. Vi kan ikkje halde fram som før, og det er på tide at nokon seier ifrå om det.

³⁸ <https://www.dn.no/marked/privatokonomi/global-wealth-report/credit-suisse/sa-mye-ma-du-eie-for-a-vare-blant-verdens-en-prosent-rikeste/2-1-12995>

³⁹ https://www.nettavisen.no/okonomi/rodt-vil-forby-privatfly-rikinger-som-rem-reitan-far-bare-finne-seg-i-det/s/12-95-3424024059?fbclid=IwAR0b1rT1Zq5GNXSPGJ9XIyDZamEm_APqpzCGtJ24lf3ZnYBdBpABhOaNqbQ